ALVER
KOMMUNE

Pressemelding 19. februar 2021

# Nasjonale tiltak frå måndag 22. februar

**Kjøpesenter og varehus opnar på måndag. Ordførar Sara Hamre Sekkingstad oppmodar om at alle held fram det gode arbeidet med avstand og handhygiene.**

I dag endrar regjeringa vedtaket om dei ekstra strenge koronatiltaka til Alver og dei andre kommunane i Bergensregionen.

Tiltaka Alver kommune har no skal gjelde til og med søndag 21. februar. Frå måndag 22. februar skal innbyggjarar og næringsliv i Alver følgje dei nasjonale smittevernreglane.

– Det betyr at kjøpesenter og varehus kan opne frå måndag, seier ordførar Sara Hamre Sekkingstad.

Ho takkar alle for ekstrainnsatsen og er nok ein gong imponert over innbyggjarar og næringsliv i kommunen.

– Dei strenge tiltaka vi har hatt dei to siste vekene har vist god effekt. Målet var å hindre ukontrollerte utbrot av dei muterte virusvariantane. Det har vi klart, seier ordføraren og legg til:

– Eg forstår at folk lengtar mot sommar og betre tider, men det er viktig at vi held fram det gode arbeidet. Dei muterte virusvariantane som er i samfunnet vårt no, krev at vi er nøye med smittevernreglane også i fortsetjinga.

Byggjeplassforskrifta gjeld framleis, i første omgang til og med 28. februar.